



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Årsmelding 2024 BREMNES SOKNERÅD

Soknerådet si samansetjing:

Leiar: Kjersti Mæland
Nestleiar: Åse Innvær
Kasserar: Jorunn J. Folgerø-holm
Sekretær: Margot Laurhammer
Medlemmer: Torleiv Fylkesnes, Asbjørn E. Esperø, Trond Haldorsen, Linda Nordtun, Asbjørn Gundersen
Varamedl.: Torunn Tveita, Synnøve N. Ådnanes, Eivind Vegstad, Annbjørg K. Økland, Geir Ove Sele

Representantar i Bømlo Kyrkjelege Fellesråd:

Torleiv Fylkesnes, leiar og medlem av fellesrådet sitt administrasjonsutval.

Asbjørn E. Esperø, medlem av fellesrådet.

Vararepresentantar: Jorunn J. Folgerø-holm 1. vara, Trond Haldorsen 2. vara

Møte/tilskipingar:


- Det har gjennom året vore 8 ordinære soknerådsmøter.
- Arbeidsutvalet har hatt 8 møter for å førebu saker for rådet.
- Kyrkjelyden sitt årsmøte vart gjennomført 10 mars etter gudstenesta.
- Det har vore eit travelt år. Ein har gjennomført 73 gudstenester, 7 konsertar i regi av kyrkja og 5 i regi av andre.

Saker som ligg fast i perioden er:

- Gjennomføring av fasteaksjonen. Denne vart gjennomfør med innsamling i bøsser og oppmøte. Konfirmantane vart delte opp i soner og grupper med oppmøte på div bedehus/skular.
- Tildeling av offer.
- Godkjenning av gudstenesteoppsettet.
- Arbeid i samband med konfirmasjonsgudstenestene.
- Godkjenning av andre arrangement i kyrkja, m.a. konsertar i samarbeid med kantor.
- Oppnemning av kyrkjevertar og dåpsvertar.
- Utarbeide budsjett.
- Behandle saker som vert oversendt soknerådet frå utvala og andre innkomne saker.

Visjon for vidare arbeid:

- Ta vare på den gode tradisjonen, tilpass han til vår tid og gje han vidare til nye generasjoner.
- Frå Trusopplæringsplanen:
Me vil at barn og ungdom på Bømlo skal møta ei raus og tydeleg kyrkje slik at dei får hjelp til å leva livet i tru, håp og kjærleik. Målgruppa skal etter gjennomført plan kunna seia: "Eg er døypt, eg er ein del av kyrkja."
- Følgje opp dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden.
- Setje av tid på nokre soknerådsmøte til å drøfte det indre livet i kyrkjelyden, Soknerådet har det overordna ansvaret for at "kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet" slik det står i kyrkjelova av 7. juni 1996, men dei ymse utvala har fått delegert ansvar for den delen av det kyrkjelege arbeidet mandatet tilseier, og utvala arbeider svært godt.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Dei ulike utvala og komiteane

Arbeidsutvalet:

Oppnemnde medlemmar: Kjersti Mæland, Åse Innvær, Margot Laurhammer og Jorunn J. Folgerø-holm.

Utvalet har ansvaret for å setje opp sakliste for soknerådsmøta, og gjera vedtak i enkle saker og hastesaker.


Trus opplæringsutvalet (TOL):

Leiar:	Eva Gloppe
Skrivar:	Tone Baugstø
Medlem:	Karl Nygård
Frå sokneråd:	Torunn Tveita
Kyrkjelydspedagog:	Liv Merete F. Pedersen

Utvalet har hatt 4 møter i 2024 og har arbeidt med følgjande:

TruD-tiltak:


TruD Dåpssamtale	Prestane har ansvar for dåpsmøter. Ein har felles samlingar for dåp i Bremnes, Lykling og Bømlo sokn.
TruD Babysong	16 samlingar 68 barn har vore innom. Fine stunder i kyrkja med song og prat. Stor takk til alle dei frivillige som er med på samling og som lagar til mat til babysong.
TruD1-2-3 Myldrekveld	6 samlingar i løpet av året 58 barn har vore innom. Me har først songstund, etterfølgjt av leik. Det har vore fint å vera fleire vaksne med. Slik får me mange gode samtaler med barn, foreldre og besteforeldre etter songstunda.
TruD3 Krøllekveld	Det er ei samling for 3-åringane på Krøllekveld. Me høyrer historia om sauens som gjekk seg vill. Det er også song og leik. Fint å bruka flanellograf.
TruD4 4årsbok	Me hadde først ei samling onsdagen i veka før gudsteneste med utdeling av Bibel. Søndagen var det gudsteneste med utdeling av Bibelen. Det var fullsett kyrkje. Bømlo Knøttekor deltok med song i gudstenesta. Fint å ha med knøttekoret som også er for dei som er fire år. Veldig meiningsfullt og kjekt å samla så mange familiar i kyrkja!
TruD4-5-6 Knøttekor	Bømlo Knøttekor har øving anna kvar tysdag. I 2024 hadde me 18 øvingar. I tillegg deltok koret i fleire gudstenester. Når me har øving har me alltid andakt, og me må også alltid gå ein runde i tog med rytme-egg. Det er eit høgdepunkt for barna når me går denne runden i kyrkja. Barna kan vera med i knøttekoret frå hausten dei blir fire år og fram til dei begynner på skulen. I løpet av 2024 var det 50 barn som var med i koret heile eller deler av året.
TruD6 Barnebibel	Me inviterte 6-åringane til ei gudsteneste rett etter skulestart. Fin gudsteneste, ca. 50 prosent av medlemane som er 6 år kom og fekk Barnebibelen i gudstenesta.
TruD7 Påskevandring	Me hadde to samlingar for 7-åringane. Først samling tysdagen i veka før me skulle ha påskedramagudstenesta. Denne dagen hadde me tema om påsken, det var øving til gudstenesta og påskeverkstad. Bømlo Knøttekor og deltakarar frå Treffkveld var med på påskedramagudstenesta. Mange gode tilbakemeldingar etter gudstenesta om at det er fint at mange er inkluderte i å vera med i gudstenesta.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Tru:D8 Aktivitetsdag	Aktivitetsdagen er på ein dag det er planleggingsdag i skulen. Me inviterte til samling i kyrkja kl. 09.00-14.00. Me hadde aktivitetar både inne og ut. Tema for aktivitetsdagen: Gud skapar – me lagar. Søndagen etter aktivitetsdagen deltok barna i gudstenesta med song og utstilling av noko av det dei hadde laga på aktivitetsdagen.
Tru:D9 Tårnagenthelg	I år hadde me først ei ettermiddagssamling for kvar skulekrins, og så felles samling laurdagen. Tårnagentane var med i gudstenesta søndagen. Kjekt å ha fleire, men kortare samlingar.
Tru:D9+ Supersamling	I 2024 hadde me Supersamling dei to siste dagane av sommarferien. Første dag var me i kyrkja, andre dag var det tur til stranda. Fine dagar saman med 9-åringane
Tru:D10 Jubileum for dåp	Denne aktiviteten er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, gelé til dessert og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen. Me bruker både forteljinga om Sivsjøunderet, og me snakkar om Jesus sin dåp. Alltid kjekt å ha denne samlinga. Me hadde fleire leikar både inne og ute. Ei veldig fin gruppe som var svært positive til alt me gjorde, og som deltok i alle aktivitetane med stor iver.
Tru:D11 LysVaken	Fin LysVaken-helg. Me hadde samlingar inne i kyrkja, og ute rundt bålpanner. Barna var engasjerte i gudstenesta. Dei var med og formulerte forbøner, var med på tekstlesing, og dei var med og hadde preika saman med kyrkjelydspedagog og prest.
Tru:D12 Aktivitetsfestiv al	Me inviterte til felles aktivitetsfestival på Solgry ein ettermiddag i juni for alle sokna. På Solgry hadde me bibelsamling, pølse med brød og mange aktivitetar ute. Me leigde berre uteområdet med kanopadling, minigolf, gokart m.m. Barna som var med gav uttrykk for at dette hadde vore ein kjekk ettermiddag.
Tru:D14 Innskriving konfirmasjon	Me hadde informasjonsmøte om neste års konfirmant-år i mars. Varden og Zoomln kom og snakka om dette som miljøtiltak i konfirmanttida.
Tru:D15 Konfirmasjon	Konfirmant 2024 Me starta konfirmantåret med konfirmantleir til Jærgårds på Klepp. Kjekt opplegg. Samlingane gjennom konfirmantåret har me veksla på ettermiddagssamlingar og samlingar laurdagar. Me hadde også eit nytt opplegg for dette konfirmantkullet: Good Friday. Dette er eit samarbeid med Skjærgårds live, dei kom og hadde ein heil kveld for alle konfirmantane på Bømlo. Det var andakt, konkurransar og pizza denne kvelden.
Tru:D16 Fjorårskonfirm ant	Samling med pizza og prat om utdanningsplanar. Fint om samla ungdomane som på våren før dei er ferdige med grunnskulen. Då fekk me høyre litt om planane deira vidare, og også gje dei nokre gode ord å ta med seg vidare. Ungdomane som kjem gir uttrykk for at det er kjekt å samlast i kyrkja.
Tru:D17 Londontur	Me hadde ein flott tur til London med 50 ungdomar. Me budde to stader, og hadde med 7 vaksne – 6 frå staben – og ei frivillig. Mange fine opplevingar i flott sommarvêr. Me var blant anna på Even song i St. Pauls, besøkte Kfuk-hjemmet, var på musical og på gudsteneste i HTB. Mange fine samtalar og stunder saman med 17-åringane
Moster 2024	I 2024 var det 1000-års jubileum for kristenretten. I løpet av året har me hatt fokus på dette i mange av samlingane i trusopplæringsarbeidet. Blant anna fekk barn og ungdom på Bømlo koma med forslag til forbønsemne til jubileumsgudstenesta. Det var også barn og unge frå heile Bømlo med i mange av aktivitetane på Moster, både i gudstenesta og i andre samlingar i løpet av jubileumshelga.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Samlingar i trusopplæringa i Bremnes sokn samlar mange barn, og me kjem også i kontakt med mange foreldre/føresette/besteforeldre. Me er svært takksame for at så mange vil vera med som deltararar i trusopplæringa.

Me hadde ikkje klart å gjennomføra så mykje aktivitet utan alle dei frivillige. Ein stor takk til alle frivillige som er med oss i arbeidet. Saman arbeider me for at barn og unge i Bremnes sokn skal få bli kjent med Jesus og at dei skal kjenna seg heime i kyrkja.

Diakoniutvalet og diakonalt arbeid i Bremnes:

Oppnemnde medlemmer: Synnøve Nilsen Ådnanes, Annbjørg K. Økland, Torbjørg Eidet og Eli Innvær. Diakon Sissel F. Våge har møtt på møta.

Aktivitet:

- Diakoniutvalet gjekk fram til september med helsingar til jubilantar i soknet som har runda 80, 90 og 100 år. Soknerådet vedtok i møtet 10. september at Bremnes sokn ikkje lenger deler ut blomehelsingar til jubilantar i soknet.
- Før jul delte diakoniutvalet ut blomehelsingar til dei som har mista ektefelle eller born i løpet av året.
- Besøkstenesta. Det er stadig nye førespurnadar om besøksteneste.
- Diakonen har også elles vore tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg/soknebod.
- Sorggruppe.
- Diakoniutvalet var med på minnegudsteneste/konsert for etterlatne i Bremnes og Moster sokn. I Bremnes kyrkje. Dette året vart konserten Sommarlandet framført. Utvalet bidrog med lystenning og opplesing namn.
- Det har vore seks Treffkveldar/gudstenester tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Tre av deltarane på Treffkveld bidrog med lystenning under den økumeniske jubileumsgudstenesta på Moster. Deltakrarar frå Treffkveld har også delteke på påskedramagudsteneste og med lystenning på i gudstenesta på 17. mai og julafta.
- Ein frivillig medarbeidar har kvar måndag vore til stades på Sesam. Sesam er ope hus for dei som har utfordringar med rus. Dette er eit tilbod som Bømlo kommune driftar.
- Ein frivillig har vore med å ha open «butikk» for flyktningar ein gong i månaden på gamle BUS.
- Diakonen var med på julefeiring på Sesam.
- Diakonen deltok også på treff for pårørande til menneske som har utfordringar med rus. Dette skal vidareførast i 2025.
- Bømlo frivilligsentral, diakonien og Røde kors samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 110 matkassar, og 137 barn fekk gåver. Frivillige medarbeidrarar frå diakonien var med å henta mat og pakka kassane. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- Annakvar måndag har det vore open kyrkje samstundes med babysong.
- Det var seks Treffkveldar/forenkla gudsteneste tilpassa menneske med utviklingshemming i Bremnes kyrkje.
- Det har vore songstunder på sjukeheimen i lag med Bømlo trekspelklubb første måndagen i månaden.
- Diakonien har to gongar vore med å leggja til rette for Open kyrkje med musikalsk repertoar.


Gudstenesteutvalet – Kyrkjemusikalsk utval – Temakveld komité

Soknerådet har frå 2024 slått saman møta i desse tre utvala/komitén slik at ein kan arbeide i tettare saman. Dette har fungert fint så langt, og ein fortset med det.

Gudstenesteutvalet:

Medlemmer er: Asbjørn Gundersen, Liv Merete F. Pedersen (leiar), Sissel Fylkesnes Våge, Øystein L. Olafsen, Margot Laurhammar og Jorunn J. Folgerø-holm.

Gudstenesteutvalet har hatt 2 møter i 2024.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Gudstenesteutvalet sit mandat og kva saker me har moglegheit for å arbeide med

- Gudstenesteutvalet skal arbeida for eit rikt og levande gudstenesteliv og for å gjera søndagen til kyrkjedag i Bremnes kyrkjelyd.
- Utvalet skal regelmessig evaluera gudstenestene med sikte på dette.
- Utvalet skal arbeida for å involvera frivillige til ulike oppgåver for gjennomføring av gudstenester.
- Ved eventuell søknad om ny gudstenesteordning, skal gudstenesteutvalet saksførebu dette for soknerådet.

Kyrkjemusikalsk arbeid:

Kyrkjemusikalsk kontakt for soknerådet: Trond Haldorsen og Linda Nordtun

Fagleg ansvarleg: Kantor Øystein Lund Olafsen

Arrangement gjennom året

- Bremnes Kantori fekk eit travelt 2024 Forsongarteneste på gudstenester både vår og haust. I vårsemesteret framførte først koret Gabriel Fauré sitt verk Requiem med 22 musikarar og solistane Anita Myhre Gravdal og Arne Kvarven. Etter påske deltok kantoriet med verket «Gloria» av John Rutter, framført saman med blåsarar frå Stavanger og Bergen og Øystein Skullerud på orgel ved orgelinngjukkonsert i Moster kyrkje. Koret song på konfirmasjonsgudstenene i Bremnes. Ved 1000-års jubileet på Moster hadde koret 2 oppgåver. Forsongarar ved jubileumsgudstenesta (direktesending på NRK radio/TV og avslutningskonserten «Himmelske tonar gjennom 1000 år» med blant anna Hanne Krogh og Inger Lise Rypdal som to av solistane. Dette saman med Ad Libitum frå Sveio.
Hausten var litt rolegare og koret framførte «Sommerlandet» av Galib/Skeie på minnegudstenester alle helgen. Solist var Anita Myhre Gravdal og lesar Nina Sele. I tillegg starta me med repertoar til Påskefest 2025 på ein felles kickoff med Bømlo Gospel. Det vart og deltaking på kyrkjelyden sin julekonsert, men organistvikar Simon Madsen som dirigent.
- Bømlo Gospel var invitert til å syngja på prosten si siste nyårsommertaking. Konsert hos Frelsesarmeens på Stord, song på gudsteneste 2.påskedag og konfirmasjonar i Lykling rakk me og før det var 1000-års jubileum på Moster og koret arrangerte «På grensa til lovsong» med band, aktuelle gjester og programleder Jan Erik Larssen. Koret song og på jubileumsgudstenesta i lag med kantoriet og med eigne songar. Siste helga i september drog koret på turné til Göteborg kor me nytta kantor Olafsen sine kjenningar og besøkte fleire kyrkjer, hadde korseminar, workshops, konsertar og deltok på gudsteneste. I oktober var det øving til Påskefest 2025 saman med kantoriet. Koret song på kyrkjelyden sin julekonsert og hadde sin tradisjonsrike «Romjulsgospel» med 12 musikarar frå Stavanger symfoniorkester. Koret markerte også sitt 10-års jubileum.
- Konsert med Bremnes Kantori , Gabriel Fauré 's Requiem med 22 musikarar og 2 solistar
- Flygelkonsert med Kjetil Mulelid i samarbeid med Morild
- Konsert med «Herrens glade gutter» til inntekt for Estlandskomiteen
- Temakveld om komponisten Harald Sæverud ved Lorenz Reitan i samarbeid med Bremnes Sogelag og kantor Øystein L. Olafsen
- Lunsjkonsert ved kantor Øystein L. Olafsen (flygel) og gjest Miroslav Potfaj (violin)
- Lunsjkonsert med Ivar Mæland (orgel)
- Lunsjkonsert med Simon Madsen (flygel/orgel)
- Kulturskulens adventskonsert
- G2 gudstenester ble det og både vår og haust 2024. Band beståande av Dag Helge Habbestad, Frode Kvandal og Petter Michaelsen spelar saman med kantor og forsongarar hovudsakleg frå Bømlo Gospel. Primus motorar er Marius Økland, kyrkjelydspedagog Liv Merete F. Pedersen og kantor Øystein L. Olafsen
- 17.mai vart gjennomført med festgudsteneste i Rubbestadneset bedehus og i Bremnes kyrkje. Med born, skulekorps, janitsjar og Havdur mfl.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

- Fazioliflygelet vart nedbetalt i løpet av sommaren 2024, og er i kyrkjelydens eie pr. 1. september
- Simon Madsen har fungert som vikar for kantor 4 veker i november/desember (pga. juleturné). Han har gjennomført alle korøvingar, gudstenester og kyrkjelege handlingar. Han var også musikalsk ansvarleg for kyrkjelyden sin eigen julekonsert der Bømlo SoulChildren, Bømlo Gospel, Bremnes Kantori, Bømlo Janitsjar, Bømlo skulekorps og Havdur deltok.
- På julafesta var det to festgudstenester. Forsongarar, Bømlo SoulChildren Tobias Haldorsen (euphonium), Thea Malene Haldorsen (song) og band frå SoulChildren deltok. Juledag deltok Bremnes Kantori.
- Bremnes kyrkje har gjennom året vore utleidd til fleire konserter og arrangement.
 - Konsert med Nordic Tenors
 - Kulturskulen sin adventskonsert
 - Havdur sin julekonsert
 - Steffen S. Sortland sin gratis julekonsert

Musikalske aktørar i kyrkja

Kantor Øystein Lund Olafsen er musikalsk leiar for Bremnes Kantori og Bømlo Gospel.

- Bremnes Kantori har 40 aktive medlemmer. Koret deltek med grupper og fullt kor ved mange gudstenester i Bremnes kyrkje, og på høgtidsdagane (påskedag, pinsedag og juledag).
- Bømlo Gospel tel 60 medlemmar. Frå august 2024 vart gospelkoret tatt ut av kantorstillinga (slik det var tidlegare).
- Knøttekoret er for 4-5 åringer og øver annakvar veke. Dei tel ca 20 medlemmer.
- Bømlo SoulChildren med dirigent Lene F. Nesse, Dag Helge Habbestad (trommer), Henrik Kvandal (bass), Stian Larsen (gitar) og Bjørn André Bjørklund (keys). Dei øver kvar veke og er ca 15 medlemmer.

Kreativ komité:

Medlemmer: Heidi Fylkesnes

Heidi har hatt ansvar for å pynte i kyrkja dette året og. Ho har pynta kyrkja ved gudstenester og ved spesielle høve, t.d. Konfirmasjonsgudstenester og julegudstenester. Ho har gjort ein flott innsats, og det er alltid fint pynta i kyrkja vår!

Kyrkjekaffi komité:

Medlemmar: Wenche T Alvsåg (leiar), Gunn Svendsen Meling, Gerd Marit Nesse, og Åshild Olsen.

Komiteen treffest ein gong pr semester og fordeler oppgåver. Kyrkjekaffien er eit viktig innslag for å skapa og ta vare på fellesskapet i kyrkja. Dei har laga til trivelege stunder etter gudstenesta, der kyrkjelyden kan ta seg tid til ein prat, kaffi og noko å bita i.


Video-overføring til Bømlo bu og helsesenter (sjukeheimen):

Medlemmar: Jarle Havn, Oddvar Pedersen og Sverre Håvik

- I 2024 har dei fleste regulære gudstenester blitt overførte.
- Jarle Havn, Oddvar Pedersen og Sverre Håvik vore med å filma i kyrkja. Ein ynskjer gjerne fleire frivillige med til å filme overføringer til sjukeheimen.

Ymse kontaktpersonar:

- Åse Innvær – KN-kontakt. Han har hatt ansvaret for å koordinera innsamlingsarbeidet for «Kirkens Nødhjelphaksjonen» som er konfirmantane sitt vårprosjekt.
- Gunnvald Bjotveit er soknerådet sin felles representant for «Gjevartenesta for soknediakonstillinga». Han er representant frå alle sokn og er åleine om å ivareta oppgåver i høve til gjevarane. Fellesrådet fører rekneskapen for gjevartenesta.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

- Medlem av Estlandskomiteen er Randi Olsen og Margaretha Urang. Komitéen har ansvar for kontakt med venskapskyrkjelyden vår i Sangaste. Årsmelding fra Estlandskomiteen vert lagt fram og er mogleg og få med seg.

Frivillige medhjelparar ved nattverd:

Olav Mæland (fast), Håkon Staveland, Berit Hallaråker og Sissel F. Våge.

Dåpsvertar:

Medlemmar: Kjersti Mæland, Linda Nordtun og Anne Kristin Sønstabø. Dåpsvertane tar imot dåpsfamiliane og legg til rette for dei i dåpssakristiet og i kyrkja.

Statistikk:

	Bremnes sokn									
	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	
Døypte	59	54	54	71	55	57	63	71	73	
Konfirmerte	84	75	97	85	70	88	66	87	92	
Kyrkjeleg vigsel	9	10	9	8	3	7	8	9	7	
Gravferder	47	58	51	51	46	56	58	44	35	
Gudstenester	73	71	71	68	71	61	75	71	70	
Musikkandakt/ Konsertar	12	13	8	8	5	13	11	11	9	
Innmelde DNK	7	7	6	3	3	5	6	0	3	
Utmelde DNK	18	21	20	14	20	23	12	20	21	
Medlemmer i Bremnes sokn	5635	5 623	5 665	5687	5631	5627	5630	5597	5571	
Takkoffer/Kollekt	443 478	455 569	408 057	253 935	275 585	60 169	399 533	342 561	240 239	
Givartenesta	45 200	144 286	75 000	0	60 000	60 500	45 950	65 700	81 950	
Andre innsaml. i soknet	53 000	124 496	56 612	0	0	77 450	97 550	83 323	107 494	
Deltaking v/all gudstenester	11 257	10 866	11 206	5 472	4 545	10 358	12 743	12 315	12 337	

Økonomi:

Det vert vist til rekneskapen.

Strukturen i det arbeidet som soknerådet har ansvar for, fungerer godt, men innsatsen dei mange trufaste frivillige gjer kvart einaste år, er heilt avgjerande.

Soknerådet takkar alle medlemene av utvala og alle andre som gjer ein stor og viktig innsats for at kyrkjelydslivet skal kunna veksa.

Me takkar også for det gode samarbeidet me har med dei tilsette på kyrkjekontoret.

Årsmelding 2024 er godkjent av Bremnes sokneråd, sak 02-06-25.

Kjersti Mæland
leiar

Margot Laurhammer
sekretær